

Alver Næringsområde

5911 Alversund

Asplan Viak A/S

Postboks 2304 Solheimsviken

5824 Bergen

Merknad til oppstart av planarbeid for Alverflaten næringsområde sør del av G.nr 137 b.nr 23 m.fl.

Alver Næringsområde har halde møte i dag 12.06.2016, vi er samde i vår oppfatning av den nye varsla oppstarten av planarbeid, så vi vil sende ein samla merknad frå alle aktører som har skrevet under på dette skrevet.

Alver Næringsområde har ingen motforesegner til at G.nr 137 B.nr 23 regulerer og utvikler eit næringsområde på sin eigedom. Men når det gjelder tilkomsten til området har vi sterke innvendinger.

Vegtilkomsten som tiltakshaver planlegg å gjøre seg nytte av, er ein privat veg. Tiltakshaver har ingen avtale om vegrett her, og tiltakshaver er blitt klart fortalt at det vil han heller ikkje få.

Dersom Lindås Kommune når så langt kommer, godkjenner ein reguleringsplan utan avtale om tilkomstveg, vil kommunen leggja til rette for ein privatsrettsleg splid med sak om oreigning. Det vil då ikkje vil vera anna råd enn å gå vidare gjennom rettsystemet. Dette vil det ikkje koma noko godt ut ifrå for nokon, heller ikkje Lindås Kommune.

Det er nyleg godkjent ein reguleringsplan for 28 boenheter ved innkjøringa til næringsområde. Endå ein auking i trafikken inn til området vil ikkje vera ein god kombinasjon med boligområdet, og det vert fremsett bekymring for at ein auke i trafikken kan koma til å skapa konfliktsituasjoner mellom næring og boligområde, som kan føra til problemer for den allereie eksisterande næringa. Dette på tross av at det vert bygd fortau som trafikksikringstiltak. Erfaring for det såg ein då Stevnebø Trelast holdt til på Ikenberget, like ved. Ein annan bekymring som kom opp, var at ein auke i trafikkgrunnlaget vil kunne føre til at vegvesenet kjem med krav om utbedring av krysset på Alverflaten. Dette vil då kunne føre til store økonomiske ekstrakostnader for det allereie eksisterande næringsområde.

Det er semde mellom alle, at ein næringsutbyggjing på b.nr 23 er det ingen motforesegner til, tvert imot så ynskjer vi ein utvikling av dette området velkommen. Men det er av vår samla einighet at den mest samfunnsnyttige og minst konfliktfulgte løysinga, må vera å føra vegen som er starta ifrå

næringsområdet i Galteråsen i sør vidare nordover til B.nr 23. Ein vegløyning herifrå vil løysa eit stort samanhengjande sentrumsnært næringsareal som vil vera til stor samfunnsnytte og ikkje vil vera i konflikt med boligområde på nokon sider.

Vi har diskutert om det kunne vera aktuelt å gje ein midlertidig vegløyning til b.nr23 over Alver Næringsområde, i påvente av at vegen kjem inn ifrå sør. Til dette vert det stillt stor skepsis på at midlertidige løysingar av eit så stort omfang, lett vert permanent i fremtiden. Dette vil på sin side kunne skapa grobunn for framtidige konflikter. Ein midlertidig løysing vil også verta svært kostbar då B.nr 23 må vera økonomisk delaktig i å utarbeide to vegar.

Aktørane på Alver Næringsområde ynskjer at vi felles fronter å få fortgang på vegutbyggjinga ifrå sør. Dersom me klarer å samlast om ei slik løysing er det i vår tru at dette er ei løysing som både politikere og administrasjon i kommunen vil kunne einast om, slik at prosessen kan gå frem på ein hurtigst mogleg måte.

Der gjenstår bare vel 400meter med vegbyggjing ifrå sør, for å løysa ut området til bruk nr 23.

Lars Ø. Tillestad

Ove Høy

Brynjulf Alver

Steinar Myking

Hilde Remme

Peter Kuchin

Johnny Lundøy